

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 11.04.2013
Tidspunkt: 10:30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leikar	
Sven Flo	Medlem	
Gunnvor A. Sunde	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmeseiter	Medlem	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknadar

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Steinar Lund	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 4/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 5/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om landingsløyve med helikopter på Skåla - Fjord Helikopter		2013/1547

Arkivsaksnr: 2013/1547-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 09.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU	5/13	11.04.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om landingsløyve med helikopter på Skåla - Fjord Helikopter

Innstilling frå forvaltaren

Søknaden om landing med helikopter på Skåla, med heimel i naturmangfaldlova § 48, blir avslått.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 11.04.2013

Handsaming i møte:

Framlegg frå Sven Flo:

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 blir det gitt løyve til inntil seks landingar med helikopter på fjellet Skåla ein av dagane 16.-18. april 2013.

Grunngjeving for framlegget:

Sidan dette er ein sjeldan sak, kan ein ikkje forvente å få mange tilsvarande søknadar i framtida. Saka må sjåast i samanheng med at det gjennom film frå arrangementet fører med seg ei marknadsføring som kan føre til ein auka aktivitet i området.

I møtet kom arbeidsutvalet fram til fylgjande vilkår for løyvet:

- Det skal opplysast i filmen om at området ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark
- Det skal ikkje visast helikopterflyging i filmen
- Ein oppmodar om at film frå prosjektet blir vist på NRK
- Ein ber om at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre får tilgang til filmen som blir laga frå arrangementet

Samrøystes vedteke i tråd med framlegget til Sven Flo.

Vedtak:

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 blir det gitt løyve til inntil seks landingar med helikopter på fjellet Skåla ein av dagane 16.-18. april 2013.

Løyvet blir gitt på fylgjande vilkår:

- Det skal opplysast i filmen om at området ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark
- Det skal ikkje visast helikopterflyging i filmen
- Ein oppmodar om at film frå prosjektet blir vist på NRK
- Ein ber om at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre får tilgang til filmen som blir laga frå arrangementet

Saksopplysningar

Søknaden gjeld landing med helikopter på fjellet Skåla i Stryn kommune. Det er søkt om inntil seks landingar ved Skålatårnet i løpet av ein av dagane 16.-18. april. Føremålet med landingane er å frakte opp utstyr i samband med turkonseptet WildWestWays. WildWestWays er eit ikkje-kommersielt turkonsept arrangert av Franz Midttun og Thor Fløtre. Dei seier sjølv at dei ikkje er eit føretak, men eit konsept som organiserer det dei kallar «spesielle turar i den fantastiske vestlandsnaturen». Deltakarane på turane blir inviterte til å vere med. Arrangørane har ikkje mål om at turane skal gi økonomisk overskot.

Sky To Ski er eit av konseptane dei arrangerer. Dette konseptet går ut på at inntil 30 personar skal hoppe i fallskjerm over Skåla. Dei landar ved Skålatårnet, eventuelt litt lenger nede. Frå der dei landar skal dei ta seg vidare nedover med speed-rider (ein «liten paraglider») eller på ski. Føremålet med helikoptertransporten til Skåla er å frakte opp utstyret som deltakarane skal bruke til å ta seg vidare ned mot Loen (ski/stavar og speed-rider). I tillegg vil eit kamerateam frå NRK og deira utstyr bli frakta opp. Det er søkt om inntil seks landingar ved Skålatårnet i løpet av ein av dagane 16.-18. april.

Det skal lagast ein film frå turen, som firmaet Høyde Media skal produsere. I tillegg skal NRK ha eit kamerateam med. Desse (i alle fall ein person) skal etter planen fraktas opp med helikopter. Filmene som Høyde Media vil produsere er fyrst og fremst til deltakarane, men dei håpar og at NRK, og kanskje TV2, vil kjøpe han. Kameratemet frå NRK skal lage ein reportasje på eige initiativ. Arrangørane vil òg invitere lokal media til å dekkje arrangementet.

Dei hadde eit tilsvarande arrangement i 2011. Nordfjord folkehøgskule blei då leigd inn til å bære opp utstyr. Dei hadde difor ikkje behov for landingsløyve den gongen. I år har ikkje Nordfjord folkehøgskule høve til å ta på seg dette oppdraget, og dei søker difor om landingsløyve for å få frakta opp utstyret. Sidan NRK vil lage ein reportasje frå arrangementet, vil ein eller to frå kameratemet også bli frakta opp med helikopter utan at dette fører til meir motorisert ferdsel. På telefon har nasjonalparkforvaltaren fått opplyst at prosjektet ikkje er avhengig av at dei får landingsløyve i nasjonalparken. Dei vil ordne seg på ein annan måte viss dei ikkje får løyve til å frakte opp utstyret.

Lovgrunnlag

Motorferdsel er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Verneforskrifta opnar ikkje for at det kan bli gitt løyve til motorferdsel med det føremålet det er søkt om her. Søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova, som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta pkt. VI. I fylgje naturmangfaldlova § 48, fyrste avsnitt, kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå eit vernevedtak dersom *«det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

For at ein skal kunne gi ein dispensasjon etter nml. § 48 må tiltaket ikkje stride mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Dersom desse to vilkåra er oppfylte er det opp til forvaltningsmyndigheita si skjønns innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslege reglar og retningslinjer, og instruksar frå overordna myndigheit, å vurdere om det skal gis dispensasjon. Forvaltningsmyndigheita bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

Ved utøving av offentleg mynde skal også prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer for vedtaket, jf. naturmangfaldlova § 7.

Vurdering

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er (jf. verneforskrifta pkt. III):

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Naturen sine eigne lydar, «stillheit» og fråvere av motordur og motoriserte køyretøy er ein viktig kvalitet ved urørd natur. Det er difor eit mål å halde motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit absolutt minimum. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, i kapittel 7.3.9, står fylgjande om motorisert ferdsel til den type føremål det er søkt om her:

«h) Transportbehov for mediaoppdrag skal handsamast etter den spesielle unntaksparagrafen i verneforskrifta (pkt. IV) og vil bli vurdert konkret. I utgangspunktet vil berre ikkje-kommersielle tiltak som utgjer særlege tilfelle og med innhald i tråd med føremålet med vern, som t.d. opplysningsfilmar om verneområdet få løyve. Reklamefilmar, spelefilmar o.l. bør leggjast andre stader utanfor nasjonalparken.»

«j) Landing og lågtflyging av turistar i nasjonalparken er forbode, og dispensasjon for dette vil ikkje verte gjeve. Det er heller ikkje høve til å gje dispensasjon for landing etter Lov om motorferdsel i utmark med tilhøyrande forskrifter.»

Ein eventuell film er slik nasjonalparkforvaltaren ser det ikkje avhengig av helikoptertransport til Skåla. Slik det går fram av søknaden er det NRK sitt kamerateam som vil bli frakta opp med helikopter, medan filmen som Høyde Media skal produsere vil bli filma av dei som hoppar i fallskjerm og/eller personar som tek seg opp til Skåla til fots. I fylgje søkjar vil filmen vise landskapet frå spektakulære vinklar, som ikkje er vist i tidligare filmar frå nasjonalparken, men filmen vil slik nasjonalparkforvaltaren har oppfatta søknaden ikkje ha som føremål å formidle verneverdiane, og ikkje primært ha innhald i tråd med føremålet med vernet.

NRK har ved fleire høve tatt opp film i området rundt Skålatårnet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav i 2007 løyve til helikoptertransport i samband med opptak av eit program om motbakkkeløparen og orienteringsløparen Jon Tvedt. I 2008 fekk NRK løyve til bruk av helikopter i samband med opptak av eit innslag om Skålatårnet til programmet «Norsk attraksjon». I 2012 gav nasjonalparkstyret Reisemål Stryn & Nordfjord løyve til helikoptertransport til Skålatårnet og langs stien i samband med opptak av ein film om utvalde vandredestinasjonar (grunna dårleg vêr blei ikkje dette gjennomført i 2012).

«Produktet» av dette prosjektet er filmen laga av Høyde Media, og reportasjen frå NRK. Det er avgjerande for eit eventuelt løyve at filmene formidlar verdiar som er i tråd med verneføremålet. Slike verdiar er til dømes naturoppleving og enkelt friluftsliv. Ein kan stille spørjeteikn ved om denne turen i seg sjølv er enkelt friluftsliv. I den grad dei er avhengige av helikoptertransport av utstyr for å ta seg vidare nedover mot Loen, kan det ikkje reknast som enkelt friluftsliv. Ein kan også stille spørjeteikn ved om ein film med folk som hoppar i fallskjerm og landar i ein nasjonalpark, fremjar slike aktivitetar ein ynskjer å ha i eit verneområde. For å avgrense bruken av motorisert ferdsel i nasjonalparken er det grunnlag for å sei at når eit slikt arrangement inneber bruk av motorisert ferdsel, bør det leggjast utanom verneområde.

Hovudføremålet med helikoptertransporten er å frakte ski og anna utstyr opp. Det er eit dårleg signal å gi løyve til å frakte opp utstyr til utøving av friluftsliv, i staden for at utøvarane ber det opp sjølve. Dette vil kunne føre til ein presedens ved liknande saker i framtida. At det skal lagast ein film av prosjektet, og at NRK vil lage ein reportasje, må sjåast på som sekundære grunnar til helikoptertransporten. Sjølv om ein kan sei at desse filmene vil kunne formidle verdiar som kan vere i tråd med verneføremålet, meiner nasjonalparkforvaltaren at dette ikkje er god nok grunn til å gi løyve til å lande i nasjonalparken. Til dømes kan ein sjå for seg at nasjonalparkstyret kan få inn liknande søknadar der film blir brukt som argument for å få løyve til helikoptertransport som i utgangspunktet har eit anna føremål, og at saka difor vil danne ein presedens i liknande saker i framtida.

Motorisert ferdsel bryt med inntrykket av eit område i «naturleg tilstand», som er del av verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark. Det vil også verke uroande for utøvarar av friluftsliv. Tiltaket kan difor seiast å vere i strid med føremålet med vernet. Omfanget av aktiviteten avgjer om det kan påverke verneverdiane nemneverdig. Medan kunnskapsgrunnlaget, med erfaring frå fleire saker om motorisert ferdsel dei siste åra, er tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. naturmangfaldlova § 8), er det fare for at eit løyve vil kunne føre til ein presedens i liknande saker. Presedensen eit løyve kan føre til, tilseier at ein kan få ein stor grad av motorisert ferdsel i nasjonalparken, som kan føre til ein for stor samla belastning på økosystemet (jf. naturmangfaldlova § 10). Nasjonalparkforvaltaren vurderer difor vilkåra i naturmangfaldlova § 48 om at

tiltaket ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje kunne påverke verneverdiane nemneverdig, til å ikkje vere oppfylte. Tiltaket er heller ikkje naudsynt av omsyn til sikkerheit eller av omsyn til vesentlege samfunnsinteresser. Nasjonalparkforvaltaren konkluderer difor med at søknaden må bli avslått.